

Vil betra heile trafikkbiletet

02.03.2011



Her er flaskehalsen som skal fjernast.

Det er slett ikke tvingande nødvendig for drifta av SPAR-butikken å få 2 meter av kommunens grunn mellom Gamleskulen og Sandavegen.

Når Nilsen Egedom likevel har søkt om å få kjøpa denne biten er det av omsyn til heile trafikkbiletet i området, som vil bli atskillig betra.



Ikkje for nær granane, meiner Bente Nilsen.

Det er dagleg leiari for SPAR Bente Nilsen som presiserar dette i samband med søknaden om kommunal grunn. Den aktuelle biten er ein lei flaskehals i dag for all trafikk som skal ned i butikk- og kaiområdet og opp igjen.

Hvis flaskehalsen blir utvida vil det ha like mykje å seie for all annan trafikk enn for den til butikken, held dagleg leiari fram.

Ho ventar no på svaret på søknaden frå kommunen.

Dei 2 metrene kallar ho eit minimum av det som Nilsen Eigedom har ansett det som aktuelt å sökja om.

Men her kjem også omsynet til dei nyplanta 'julegranane' inn i biletet og uskedalen.no har fått bekymringsmeldingar om at trafikken kjem for tett på dei to trea allereie med ei justering innover med 2 meter.

Det kan ikkje Bente Nilsen vera einig i.

-Vi har ikkje noko imot ei flytting av gjerdet enda lenger inn, men det er eit spørsmål om det er ynskjeleg og naturleg, seier den daglege leiari.

Planlegginga av prosjektet går elles sin gang og no føreligg det ei skisse som syner den innvendige innreining. Men noko skisse som viser trafikk-situasjonen ute har førebels ikkje kome frå teiknebrettet.

Mange ser med interesse fram til korleis ein tenkjer seg køyre- og parkeringsmønsteret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen